

## **Spørsmål frå Advokat Arne Christian Landsvik - på vegne av Aase Wiederstrøm**

På vegne av Aase Wiederstrøm, eier av eiendommen gnr. 45 og bnr. 29 i Radøy kommune innsendes det med dette spørsmål til møtet i kommunestyret den 30. mars 2017.

### **Spørsmål1. Hvorfor er sak 16/648 – gbnr 45/10 Manger – riggopplag, unntatt offentlighet?**

#### **SVAR:**

Sak 16/648 er ikkje ein forvaltingssak. Saka gjeld ein førespurnad frå eit føretak om kva regelverk som gjeld for etablering av ein verksemd. Kommunen har i saka kun orientert om regelverket, og har ikkje fatta vedtak eller gjort vurderingar. Saka er unnateke offentlegheit med heimel i offentleglova § 13 som omhandlar forretningshemmeleger.

### **2. Medfører det riktighet at Radøy kommune mener det ikke er søknadspliktig etter plan og bygningsloven å oppankre oljerigger i sjøområdet som er avsatt til arealformålet «naturområde i sjø» i gjeldende Kommunedelplan for Manger?**

#### **SVAR:**

Ja det medfører riktighet. Rigger som er registrert som skip i skipsregisteret er i utgangspunket ikkje omfatta av tiltaksomgrep i plan- og bygningsloven § 1-6 og skal ikkje handsamast som **bygesak**, jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin uttale til Askøy kommune av 28.09.15:

*Etter departementets syn må forarbeidene (Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) s. 311), rundskrivet H-09/05 "Båt på land og hus på vann" og departementets uttalelse av 28. oktober 2014 (sak 14/5428-2) tolkes slik at den klare hovedregelen er at oppankring av skip ikke er omfattet av § 20-1. Dette må gjelde tilsvarende ved oppankring av en rigg.*

Sjå også Radøy kommune sin uttale til Kystverket i brev av 09.03.17:

*Med grunnlag i Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) er det i praksis lagt til grunn at fartøy som er registrert i skipsregisteret og er oppankra for ein kortare periode ikkje vert omfatta av tiltaksomgrep i plan- og bygningslova § 1-6.*

Når det gjeld tilhøve til **plan** følgjer det av plan- og bygningsloven § 1-6 at arealføremål i plan også vil vere bindande for bruk: *Som tiltak regnes også annen virksomhet og endring av arealbruk som vil være i strid med arealformål, planbestemmelser og hensynssetninger.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin uttale til Askøy kommune av 28.09.15 presisert at arealformål i plan kan vere bindande for oppankring av rigg:

*Departementet presiserer at selv om et tiltak ikke er omfattet av bygesaksbestemmelsene, kan tiltaket være i strid med plan, se her pbl. § 1-6 med tilhørende forarbeider.*

Sjå tilsvarande i Radøy kommune sin uttale til Kystverket i brev av 09.03.17:

*Området der riggane er tenkt plassert har arealføremål Naturvernombordet i sjø etter Kommunedelplan for Manger. Arealføremåla er eit føremål kor det i særleg grad skal takast omsyn til natur og naturmangfold. Oppankring av riggar over lengre tid vil vere bruk i strid med arealføremål. Oppankring av eit fartøy for ein kort periode er ikkje eit søknadspliktig tiltak og er etter Radøy kommune sin vurdering heller ikkje bunden av arealføremål i plan.*

### **3. Har kommunen utredet alternativ plassering av skipsverft og oppankring av oljerigger?**

#### **SVAR:**

Kommunen har ikke handsama sak som gjeld oppankring av oljerigger eller plassering av skipsverft. Når det gjeld riggopplag har kommunen som planstyresmakt gjeve høyringsuttale til Kystverket, for Kystverket sin handaming etter hamne- og farvasslova. **4. Mener kommunen at de miljømessige konsekvensene av vertfsvirksomhet med oppankring av oljerigger er tilstrekkelig utredet?** **SVAR:** Kommunen har ikke handsama sak som gjeld oppankring av oljerigger eller plassering av skipsverft. Når det gjeld riggopplag har kommunen som planstyresmarkt gjeve høyringsuttale til Kystverket, for Kystverket sin handaming etter hamne- og farvasslova.